



Dyktige trubadurar og gjesteartist

Allsongen i sjøkanten i ettermiddag på Systrene Nilsen vart ein klar suksess. 70 songglade møtte fram og ein fekk assosiasjonar til TV-suksessar då dei stemte i under leiing av trubadurane Kristian Olav Bringedal og Reidar Myklebust og gjesteartist Hans Gustav Musland. Utan forkleinelse for Kristian er det grunn til å berømme Hans Gustav som ein flink trekkspelar som ga det heile ein ekstra dimensjon. Han bør bli med fleire gonger.



Til slutt var det dans!

Han fortalde også litt om bandet Jubelgutta som han leia på 1960-talet og som det kanskje er mogeleg å rekonstruera ved eit høve.

Der spela Reidar Myklebust trompet, Per Myklebust trompet, Bjørn Klette klarinett, Amund Matre gitar og Rolf Sunde trommer og trekkbasun. Alle lever med unnatak av Matre og alle med unnatak av Per Myklebust gjekk på skulen i Øystese då bandet vart til. Der spela dei mykje og ellers var dei ofte rundt i Kvinnherad.

Repertoaret i ettermiddag var allsidig og delt i 2 avdelingar. Nasjonalskalden Evert Taube var representert med 3 av topplåttane sine og det var også det ein kan kalla ein lokal avdeling med Sigvald Eiks Uskedalsong og Olaf Agnar Gausviks uforlignelege historiske kavalkade.

Ellers song forsamlingen fleire tradisjonelle 'allsongar' - og dei song bra! Også den irske Fields Of Athenry har no slege igjennom lokalt.

Til slutt oppmoda programleiar Kristian om at dei frammøtte skulle ta ein svingom og det vara ikkje lenge før golvet var fylt!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



70 møte fram og song